

ELEVPERMISJON – RETNINGSLINER FOR SKULANE I HAREID

FORSKRIFT OM ELEVPERMISJON

Heimel: Fastsett av kommunestyret i Hareid kommune [dato] med heimel i lov 9. juli 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 2-2 fjerde ledd.

§ 1 Formål og verkeområde

Forskrifta regulerer i kva tilfelle elevar kan søke om permisjon frå skulen. Forskrifta skal bidra til å sikre elevane sin rett til grunnskoleutdanning, og sørge for likebehandling i dei tilfella det søkast om permisjon. Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskulane i Hareid kommune. Forskrifta gjeld ikkje for vaksne som mottek grunnskuleopplæring etter opplæringslova kapittel 18.

§ 2 Rett til å søke om permisjon

Elevar kan innvilgast inntil 5 dagar permisjon per år, dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Dei 5 dagane kan fordelast over fleire permisjonar. I vurderinga av om opplæringa samla sett er forsvarleg, vil det blant anna kunne bli vektlagt;

- a) kva som er det beste for eleven og kva eleven sjølv meiner
- b) om, og i tilfelle kva for, opplæring som blir gitt i permisjonstida
- c) skulen sitt undervisningsopplegg i permisjonstida
- d) om eleven har hatt permisjon før
- e) kva læringsutbytte eleven elles vil få i permisjonstida

Det innvilgast som hovudregel ikkje permisjon i periodar der det blir gjennomført statlege kartleggingsprøver, nasjonale prøver, avgjerande vurderingssituasjonar på ungdomsskulen, prøveeksamen og eksamenar. Det blir heller ikkje gitt permisjon til ferie og fritidsreiser.

§ 3 Permisjon for trussamfunn

Elever som høyrer til eit annet trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skulen dei dagane trussamfunnet har heilagdag, i tråd med opplæringslova § 2-2 femte ledd. Retten til permisjon forutset at foreldra sørger for opplæring som skal til for at eleven skal kunne følge med i opplæringa på skulen etter fråværet.

§ 4 Utanlandsopphald

Etter tre månadar i utlandet reknast ikkje barn lenger som busett i Noreg, og omfattar dermed ikkje av opplæringsplikten i opplæringslova § 2-2 annet ledd. I dei tilfelle der foreldra gir skulen beskjed om utanlandsopphald over tre månader på førehand, fell plikta vekk ved avreisedato. I alle andre tilfelle fell plikta vekk når utanlandsopphaldet har vart i meir enn tre månader. Tremånadars regelen gjeld uavhengig av skuleruta, det vil seie uavhengig av om opphaldet delvis blir lagt til skulen sine feriar.

§ 5 Ugyldig fråvær

Eleven vil få ugyldig fråvær dersom eleven ikkje har søkt om permisjon, eller har fått avslag på søknad om permisjon, og likevel ikkje møter på skulen. Eleven får også ugyldig fråvær dersom eleven berre har fått delvis innvilga permisjon, og likevel er vekke heie perioden.

I §2-7 *Straffeansvar for brot på opplæringsplikta*, står det at føresette og andre som har dagleg omsorg for eit barn, kan straffast med bot dersom dei forsettleg eller aktlaust handlar slik at barnet er vekke frå den pliktige grunnskuleopplæringa utan å ha rett til det.

§ 6 Saksbehandlingsregler

Søknad om permisjon må sendast til skulen seinast éin månad før permisjonen skal starte. Rektor får delegert myndigheit til å fatte vedtak i saker om elevpermisjon. For permisjonar med varigheit **på inntil to (2) dagar**, kan rektor delegere myndigheit til å innvilge permisjon til eleven sin kontaktlærer.

§ 7 Klagerett

Behandling av søknad om permisjon er eit enkeltvedtak som det kan klagast på. Ei eventuell klage sendast til skulen v/rektor. Frist for å klage er 3 veker frå vedtaket kom fram til klagar. Statsforvaltaren i Møre og Romsdal er klageinstans for klage på vedtak etter opplæringslova.

Hareid, mai 2024